



Meland kommune
Postboks 79
Havnevegen 41
5906 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2993 - 17/32114

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
09.11.2017

Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy - vedtak Radøy kommunestyre

Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy - vedtak Radøy kommunestyre

Vedlagt følgjer vedtak i Kommunestyret – 02. november 2017.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Janne Sund, Meland kommune, Radøy kommune
Janne Sund, Meland kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
088/17	Formannskapet	PS	19.10.2017
093/17	Kommunestyret	PS	02.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	17/2993

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid - felles løns- og rekneskapskontor

Vedlegg :

Samarbeidsavtale løn og rekneskap

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

Formannskapet - 088/17

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

Kommunestyret - 093/17

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
2. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I 2015 starta eit prosjekt for å sjå på om det var grunnlag for eit felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Radøy og Meland. Prosjektet har vore eit utviklingsprosjekt, men sikte på å implementere felles elektroniske verkty og rutinar i dei tre kommunane. Prosjektet starta opp før det var fatta vedtak om kommunesamanslåing i dei tre kommunane. Når det vart vedteken samanslåing av Meland, Radøy og Lindås, vart målet for prosjektet endra frå å «Levere eit beslutningsunderlag til rådmennene (styringsgruppa) for etablering av eit felles lønns- og rekneskapskontor for Radøy, Meland og Lindås med Lindås kommune som vertskommune frå 01.01.2017.» til å «Etablere eit felles løns- og rekneskapskontor for Radøy, Meland og Lindås med Lindås kommune som vertskommune frå 01.08.2018.».

Styringsgruppa består av dei tre rådmenna i Meland, Radøy og Lindås. Prosjektgruppa består av økonomisjefane i dei tre kommunane, avdelingsleiar for løn- og rekneskap i Lindås og ein HTV som er valgt av dei tilligsvalgte for å representere alle dei tre kommunane. Dei tilsette på løns- og rekneskapsavdelingane i dei tre kommunane har vore med å utarbeide mal for kva verkty som skal nyttast ved det nye kontoret. Det er dei tilsette som står for implementering av dei elektroniske verktya og opplæring av organisasjonane i bruken.

Framlegg til organisering av samarbeidet har vore drøfta med dei tillitsvalgte i dei tre kommunane. Styringsgruppa, bestående av rådmennene i dei tre kommunane vurderar at eit nytt felles løns- og rekneskapskontor bør organiserast etter kommuneloven §28 -1b, administrativt vertskommunesamarbeid.

Heimel for samarbeid, kommunelova § 28-1 b):

1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.
2. Bestemmelsen i nr. 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner.
3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr. 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egen administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.
4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr. 3.
5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.
6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 35 første ledd.

Kommunelova § 28-1 e. Samarbeidsavtalen

1. For et vertskommunesamarbeid skal det opprettes en skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Endringer i avtalen som gjelder forhold som omtalt i nr. 2 og 3, skal skje på samme måte.
2. Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om:
 - a) angivelse av deltakerne og hvilken av disse som er vertskommunen,
 - b) hvilke oppgaver og hvilken avgjørelsesmyndighet som skal legges til vertskommunen,
 - c) tidspunkt for overføring av oppgaver og avgjørelsesmyndighet,
 - d) underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,
 - e) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen,
 - f) nærmere regler for uttreden og avvikling av samarbeidet,
 - g) annet som etter lov krever avtale.
3. I avtale om vertskommunesamarbeid med felles nemnd skal avtalen også inneholde bestemmelser om antall representanter i nemnda fra den enkelte deltaker.
4. I et vertskommunesamarbeid mellom kommuner skal vertskommunen orientere fylkesmannen om etableringen av samarbeidet. I et vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner skal vertskommunen orientere departementet om etableringen av samarbeidet.